

Produksjonar til vidaregåande opplæring

skuleåret 2016-2017

Lokal BIFF 2016: Ny kunnskap gjennom BIT filmopplevelingar

(Bergen Internasjonale Filmfestival – BIFF)
Dokumentarfilm

Festivalframsyning av dokumentarfilmar og møte med regissørar, filmarbeidarar eller aktørar i filmene.

Omtale:

BIFF arrangerer i år *lokal Biff* på utvalde kinoar/kulturhus/skulestader i Hordaland utanom Bergen. Tilbodet er under planlegging, og vil bli tildelt vidaregåande skular direkte så fort lokale kinoar/visingsstader er vald ut.

Elevane blir inviterte til ein heil festivaldag på sin lokale kino, med framsyningar av dokumentarfilmar i ei anna ramme og setting enn det som har vore vanleg tidlegare.

BIFF vel ut heilt nye dokumentarfilmar som er henta inn frå dei største festivalane i verda, og som har vakt oppsikt mange stadar. Filmene blir viste i eige program, innanfor skuletida.

Elevane får sjå to - tre filmar. Filmskaparar, andre filmarbeidarar eller dei som medverkar i filmene, er til stades under framsyningane. Alternativt vil fagfolk som er godt kjende med emna som blir tekne opp vere med på dette opplegget. Dei innleier filmene med å presentere arbeidet sitt for elevane. Etter kvar film er det sett av tid til dialog mellom salen og filmskaparane, der elevane er oppmoda om å kome med eigne synspunkt, spørsmål og kommentarar.

Pedagogisk materiell:

I forkant av filmfestivalen blir det distribuert filmstudieark knytt opp mot dei utvalde filmene, mynta på førearbeid til festivalbesøket. I tillegg til utdjupande informasjon om filmene og filmskaparane, inneheld materialet utforma problemstillingar som blir viktig i møte med regissørar, filmarbeidarar eller aktørar i filmene.

Tematisk vil det pedagogiske materialet innehalde tankar om form og innhald, og ha fokus på budskap og påverknad opp mot tilskodarane sine kjensler og intellekt. Det blir òg lagt vekt på å formidle og klargjere korleis dei ulike filmskaparane arbeider med å formidle ei eller fleire saker gjennom sitt medium, dokumentarfilmen.

Tilbodet er framleis under utvikling, og kva spelestadar/skular som får tilbodet er enno ikkje fastsett. Oppdatert informasjon om kva kinoar/kulturhus, filmar og filmgjestar, i tillegg til pedagogisk materiell/filmstudieark, blir sendt ut når det ligg føre.

NB: Sjølv om lokal-Biff i år blir tildelt skular direkte, kan skular som ønskjer lokalt arrangement melde det til Hordaland fylkeskommune. Foreslå gjerne kino/lokale.

Visningsstadar: Lokal kino, kulturhus eller annan visningsarena.

Programlengd: *Heildag*, ca. 4,5 til 5 timar inkl. to - tre filmframsyningar.

Elevtal: Avhengig av spelestad; ca. 200 pr. festivaldag.

Visningsperiode: I Oseana fredag 23. september, andre lokale kinoar/kulturhus 4., 5. og 6. oktober.

Pedagogisk materiell: Filmstudieark blir distribuert før festivalstart.

Transport: Hordaland fylkeskommune dekkjer reiseutgiftene når det er naudsynt med transport til visningsstaden.

Om Bergen internasjonale filmfestival: Sjå BIFF si heimeside: <http://www.biff.no/>

BIT Teatergarasjen presenterer

(BIT – Teatergarasjen)

Scenekunst

BIT Teatergarasjen inviterer i løpet av hausten til fire ulike opplevingar av uttrykk innan scenekunst og dans, spennande møte med kompani av internasjonale format!

Omtale:

Av dei fire framsyningane er to henta frå BIT Teatergarasjen sitt sesongprogram, og to frå programmet under dansebiennalen Oktoberdans som finn stad annankvart år.

1: I Cloni

(Lisa Lie) Scenekunst – teater - sesongprogrammet

Finnast det ein død etter livet?

Lisa Lie har etter kvart skapt sin eigen sjanger innan teater. Ho fråsar i referansar og inspirasjon frå eventyra, naturen og den klassiske kulturarven. Og ho omgjer det til herlege heksebrygg av performance, trash og nysgjerrigheit på overnaturlige dimensjonar og krefter, alt i eit lett humoristisk lys. I *CLONI* har vi bikka over kanten for den verkelege verda, ned til eit lettare absurd landskap der nokre ting er motsett av det vi er vant til.

Vi er på eit vertshus, ein stad mellom døden og livet, staden der framande møter kvarandre i fortrulegheit og gir kvarandre alt nettopp fordi dei er framande for kvarandre. Og sidan dørene ut til all verda sin ondskap står på vidt gap i desse lokala, skal vi kan hende halde kvarandre i hendene og kontakte dei levande.

Visningsstad: Studio Bergen, Bergen sentrum.

Programlengd: 2,5 timar.

Tal på publikum: Inntil 100.

Speledag: Fredag 30. september kl 12:00.

2: Hyperfruit

(Ludvig Daae & Joanna Nordahl)

Scenekunst – dans – film - Oktoberdans

Gjer Internett at vi fjernar oss frå kvarandre?

Internett og sosiale media har i løpet av kort tid gjort det enkelt for dei fleste å kommunisere raskt, med mange og over store avstandar. Har dette gått ut over evna til å kommunisere i nære relasjonar? HYPERFRUIT handlar om korleis vi er saman og korleis vi kommuniserer med kvarandre, med nettet som moglegheit, distraksjon og underhaldning. Korleis spelar vi ut kjenslelivet vårt på internett, og korleis uttrykker vi oss når vi er i same rom? Saman med filmkunstnar Joanna Nordahl har dansaren Ludvig Daae skapt ei danseframsyning som samstundes er eit bilete på sosiale media:

Lik mange moderne menneske lever Joanna og Ludvig ut og pleier mesteparten av sine vennskap og jobbrelasjonar via nettet. Denne forma for kommunikasjon er noko dei er vande med, noko dei sett pris på, noko som verkar. Dei reiser ofte, er på turné og er barn av si tid. Samstundes erfarer dei gong på gong kor uventa komplisert det kan vere å få innfridd det dei ventar av omgangskretsen. Dei meistarar ein kommunikasjonsteknologi, men ikkje kommunikasjonen.

Dagens ungdom er alltid pålogga. Sjølv når dei er i same, rom går mykje av kommunikasjonen føre seg elektronisk. Kva gjer dette med korleis vi er saman?

Trailer: <https://vimeo.com/153491215>

Visningsstad: Røkeriet USF, Verftet Bergen sentrum.

Programlengd:

Tal på publikum: Inntil 120.

Speledag: Fredag 21. oktober kl. 12:00.

3: State

(Ingri Fiksdal)

Scenekunst – dans – musikk – Oktoberdans

Korleis blir morgondagen sine mytar og samfunn?

State handlar om rituale i samtida. Vi møter eit lite samfunn som held saman i kraft av rituelle dansar, forteljingar, musikk og klesdraktar. Dei lever ut ein tappt kultur samstundes som dei speulerer på korleis det nye samfunnet kjem til å sjå ut.

Dette er ei blanding av konsert og framsyning. Her er akustiske komposisjonar og støymetall frå Lasse Marhaug, fem dansarar, tre lag kostyme og ein lang tekst om riktig gamle og moderne mytar, skrivne av den danske teaterregissøren Jonas Corell Petersen.

Ingri Midgard Fiksdal (f. 1982) er ein av Noregs mest markante koreografar innanfor samtidsdans og har alt rukke å gjere seg merka i både Europa og USA. Framsyningane hennar er fyrst og fremst prega av ein umiskjennelig, tydeleg og altomfattande atmosfære.

Visningsstad: Studio Bergen, Bergen sentrum.

Programlengd: 1 time.

Tal på publikum: Inntil 80.

Speledag: Torsdag 27. oktober kl. 12:00.

4: Zvizdal

(Berlin)

Scenekunst – teater – film – sesongprogrammet

Korleis er livet i ein radioaktiv kvardag?

I år er det 30 år sidan Tsjernobylulukka i Ukraina, som spreidde radioaktivt materiale for alle vindar over heile Europa. Denne framsyninga har same namn som ein landsby ikkje langt frå Tsjernobyl og er eit filmportrett av eit gammalt ektepar, dei einaste som nekta å la seg evakuere etter ulukka i 1986. Dei har vore vitne til korleis naturen har tatt attende det meste av kva menneska har bygd opp i området. Eller har han det?

I menneskeleg frávær har naturen fritt spelerom. Men det er ein radioaktiv natur. Zvizdal handlar om einsemd, overleving, fattigdom, håp og om kjærleik mellom eit eldre ektepar på over 80 år. Og rundt dei, mellom dei, i dei og innimellom alt saman finst den farge- og luktlause strålinga. Under lerretet står fire miniatyrmodellar av Zvizdal, ein for kvar årstid. *Filmen er teksta på engelsk.*

Trailer: <http://bit.ly/1THv4gC>

Visningsstad: Studio USF, Verftet, Bergen sentrum.

Programlengd:

Tal på publikum: Inntil 120.

Speledag: Fredag 25. november kl. 12:00.

Reise til framsyningane: Hordaland fylkeskommune dekkjer ev. reiseutgifter når det er trong for transport til spelestaden.

Om BIT Teatergarasjen og Oktoberdans: Les meir på deira heimeside: <http://bit-teatergarasjen.no/>

Et blikk på hverandre

(Thomas Winje Øijord – Gisle Haaland)

Visuell kunst

Kunstverkstad for elever med behov for tilrettelegging

Omtale:

Produksjonen *Et blikk på hverandre* rettleier barn og unge med behov for tilrettelegging i å portrettere kvarandre nært og ærleg med fotografi og lydlandskap. Å opne seg sjølv for portrettering er sårbart og krev mot og styrke. Vi håpar, gjennom den kunstnarlege prosessen, å finna fram til både motet og styrken.

I løpet av to skuledagar skapar vi eit nært portrett av elevgruppa som deltek på kunstverkstaden. Portretta består av ein serie fotografi i tillegg til skildrande lydlandskap og musikk. Kunstverkstaden vektlegg gleda i å skape eit kunstnarleg produkt som umiddelbart blir presentert for eit publikum. I tillegg er dette eit produkt som i høg grad er personleg, og som tyder mykje både for den som blir portrettert, og den som portretterer.

I *Et blikk på hverandre* skal alle som deltek bli portrettert og sjølv portrettere ein medelev. Måten dette blir gjort på, kan i stor grad bli tilpassa den enkelte sine fysiske og psykiske utfordringar. Med utgangspunkt i to sansar, høyrse og syn, vil ein vektleggje det som betyr mest for den som portretterer eller blir portrettert.

De kan lese meir om produksjonen på <http://etblikk.no>

Visningsstad: Klasserom.

Programlengd: 2 skuledagar.

Elevtal: Maks 6 elever pr. gruppe.

Visningsperiode: Veke 10 og 11; 6. – 17. mars.

Førearbeid: Enkelt førearbeid/tilpassing i samarbeid med utøvarane før verkstaden (sjå lenkja).

Om utøvarane:

Thomas Winje Øijord er fotograf og forfattar. Han er utdanna fotojournalist frå Høgskolen i Oslo, og forfattar frå forfattarstudiet i Bø i Telemark og enkelte fag på UiO. Til dagleg jobbar han frilans for ulike mediehus, mellom anna NTB Scanpix, Aftenposten, A-magasinet og Aftenposten Junior. Thomas jobbar både i Noreg og i utlandet, og bileta hans er publisert i til dømes Washington Post, Bild, Life og LA Times. Thomas skriv også bøker for vaksne og barn.

Gisle Haaland er frilansmusikar og musikk lærar. Han er utdanna muskar og lektor ved Musikkonservatoriet ved UiA, Bachelor faglærer musikk og Master i utøvande musikk samt musikkteknologi. Han har jobba på høgskular, videregående skular og kulturskular, og jobbar no frilans, som musiker, produsent, arrangør og komponist. Han har tidlegare gitt ut to plater med eige band og medverka på ei rekkje utgjevnadar og turneverksemder, blant anna med Ida Maria, Daniel Kvammen, Erlend Ropstad og BLAA.

Ferdigsnakka LIVE

(Ferdigsnakka)
Kunststartar i samspel

Musikar og forfattarar i samspel viser veg til nye tekstar og musikk – live!

Omtale:

Ferdigsnakka er produsent av lydboksinglar, der 50% er musikk og 50% litteratur. Det heile er som å høyre ei låt, men med ein forfattar som les, i staden for ein vokalist som syng. Singlane blir laga i etappar, der ein først spelar inn stemme, så klipp, så lydlegging.

Framsyninga *Ferdigsnakka LIVE* er konsertutgåva av sjølve *Ferdigsnakka* sine singlar. Forfattarane og musikarane står saman på scena under live-arrangementa. Musikken har røter i moderne popmusikk, medan forfattarane les opp eigne, nyskrivne tekstar. Resultatet er singlar framførte live!

Ein stor motivasjon for *Ferdigsnakka* er å gjere litteraturen tilgjengeleg for nye målgrupper, særleg unge. Musikk er eit sterkt verkemiddel for å lukkast med det.

Elevane kan gjennom *Ferdigsnakka* finne ein kanal til ny, norsk litteratur ein kan fylle på og oppsøke digitalt i etterkant av konserten. Her kan ein få ein «triggar» til litteraturinteresse, bruk av musikk på nye vis og for nye uttrykk.

Ferdigsnakka LIVE- konsertar har vore haldne på fleire festivalar i Noreg, m.a. Norsk Litteraturfestival og Øya-festivalen.

Les meir om *Ferdigsnakka*, forfattarar og spel av døme på lydsinglar på deira nettsider:
<http://ferdig-snakka.no/lydboksingel>

Visningstad: Lokale kulturhus eller gymsal, konsertsal/anna eigna spelestad på skulen.

Programlengd: 45 minutt.

Tal på deltakarar: Inntil 600, avhengig av lokalet.

Visningsperiode: Veke 44 og 45; 31.oktober – 11. november.

Transport: Hordaland fylkeskommune dekkjer ev. reiseutgifter når det er naudsynt med transport til spelestad.

Om utøvarane:

Musikar: Sandra Kolstad: Anerkjent musikar, songar, artist og produsent med tre album bak seg.

Forfattarar/opplesarar: Amalie Kasin Lerstang, Fredrik Høyser og Ingvild Schade. Alle utdanna tekstforfattarar og bakgrunn i litteraturvitenskap og skrivekunststudier.

Idémakar og produsent: Synne Øverland Knudsen; mellom anna redaktør for kulturmagasinet Fanfare.

Hei, eg er eit dikt!

(Per Ivar Martinsen)

Litteratur

Forfattarbesøk og skriveverkstad; ei vandring og prøving i skrivekunst.

Omtale:

I denne skriveverkstaden med Per Ivar Martinsen utforskar elevane ulike kjelder til skriftleg kreativitet og eksperiment, undrar seg og diskuterer.

Dikt, kortprosa og songtekstar opnar for skriveøvingar og samtalar kring tidlause tema; å sjå og bli sett, venskap og samhald, gruppepress, ynskje og uro for framtida, det multikulturelle, identitet, tru og tvil, relasjonar til vaksne, det enkle og det vanskelege, at vi treng humor og ikkje kjem unna alvor, og dessutan det vi kallar kjærleik.

Ein kreativ skriveverkstad er leikande, open, morosam, alvorleg, forvirrande, samansett, mangtydig, enkel - òg komplisert. Ein kan vere smilande ueinige om kva eit dikt er eller kan vere, om ein songtekst nødvendigvis må rime, kva som gjer éin tekst skikkeleg spennande, og at ein opplever ein annan tekst som keisam. Deltakarane sine spørsmål, innspel og idear bidrar aktivt til å avgjere rekkefølga i programmet; nokre gongar havnar ein på spennande og uventa sidespor, andre gongar ute på viddene...

Martinsen utfordrar til konstruktive innspel kring tema og verkemiddel, og til å nytte dei i skrivinga. Er vi heldige, får vi høyre noko av det som blir skrive, lese opp av forfattarane sjølve. Opplesing er sjølvstøtt frivillig, og dikting noko personleg ein sjølv avgjer om ein skal dele eller la mogne i skrivebordskuffa. Viss nokon ynskjer å lese opp, lyttar vi andre nøye...

"Vanskelege" ord som meta-nivå, allusjon, intertekstualitet, surrealisme, cut-up, haiku eller kvadetnoheiteraltsaman treng ikkje å påkalle geisping; tvert i mot byter vi ut desse uttrykka med praktisk forståing...

Skriveverkstaden handlar ikkje om å vere "flink", meir om å ha lyst og samtidig ta ansvar for at ein saman får max utbyte – ein kan ha det moro og oppleve noko viktig samstundes. Det er ikkje naudsynt med forkunnskapar eller tidlegare skriveerfaring for å delta. Viktigast er å bidra til ein positiv, energisk og kreativ gruppedynamikk – å by på seg sjølv!

Arena/rom: Klasserom eller anna eigna rom på skulen.

Programlengd: 90 minutt.

Tal på deltakarar: Maks 35 pr. verkstad.

Turnéperiode: Frå veke 10 og 11; 6. – 17. mars.

Krav til førebuing på skulen: Tilrettelegging skjer i førekant i dialog med lærar/kontaktperson på skulen.

Om utøveren:

Per Ivar Martinsen er lyrikar og gjendiktar, låtskrivar og tekstforfattar. Debuterte som forfattar i 1991 med dikt på eige forlag.

Forfattarskapen omfattar eigen poesi, gjendikting og omsetjing, lyrikk & musikk på LP & CD, tekst for kortfilm, i tillegg til breitt arbeid for Norsk forfattersentrum, Rikskonsertane og Den Kulturelle Skolesekken.

Hekla mytar – om tekst og identitet

(Eli Fossdal Vaage)

Litteratur – lyrikk.

Forfatterbesøk og skriveverkstad.

- Kva er identitet, og kva er arv? Går det an å skrive fram ein identitet, eller diktar vi alle opp våre egne "myter" om slekt og identitet?

Omtale:

Eli Fossdal Vaage presenterer forfatterbesøket og verkstaden slik:

Då eg i 2014 debuterte med diktsamlinga *Hekla Myter*, var dette tema som var viktige.

Boka er i stor grad ei lyrisk utforsking av slektskap, kvinneliv og arv.

Mange av dikta handlar om nokre mytiske kvinner eg kallar "formødrer", og dikta er slik sett òg ei alternativ forståing av historia der forfedrar har fått mesteparten av merksemda.

I dette formidlingsopplegget presenterer eg både dikt frå mi eiga bok og andre aktuelle diktverk frå Hordalandsregionen som på ulikt vis adresserer det eg nemner ovanfor. Eg les først opp ulike tekstar for elevane, og fortel om arbeidet med boka, og om det å skrive som ein måte å utforske, eller utfordre, sin eigen identitet og si identitetsforståing.

Så har eg ein skriveverkstad med elevar der dei sjølv får formidla si personelege arv, og utforska kva som eigentleg utgjer ein identitet.

Eg brukar både opne skriveøvingar, og meir konkrete oppgåver. Målet er at resultatet blir ei visuell utstilling av tekstane, med framføring av tekst for kvarandre.

Både eg og elevane deltar, og er med på å presentere "produktet" for klassen/trinnet.

I arbeidet med mi eiga bok, oppdaga eg at sjølvframstilling, identitet, arv og kjønnaidentitet var viktig.

Eg ønskjer å gje elevane eit høve til å både øve på formidling, tekstforståing, men òg utforske sin eigen identitet gjennom tekst og skrivning.

Visningstad: Klasserom.

Programlengd: 2 – 4 undervisingstimar, etter avtale med skulen (atterhald; kan bli endra).

Elevtal: 25 – 30.

Turnéperiode: Veke 5, 6 og 8; 30. januar – 10. februar og 20. – 24. februar.

Om forfattaren:

Eli Fossdal Vaage har mastergrad i allmenn litteraturvitskap frå Universitetet i Bergen.

Ho har mangeårig erfaring med formidling som radiojournalist/nettreporter i NRK Hordaland i tillegg til å vere kursleiar for ungdom.

Kunstforedrag

(Jan Kokkin)

Rikt illustrert foredrag om samtidskunst!

Omtale:

Kunstforedrag med Jan Kokkin om tendensar i norsk samtidskunst frå rundt 1990 fram til i dag. I foredraget vert det sett på genre som mellom anna fotografi, video og installasjon ut frå eit norsk perspektiv.

Frå slutten av 1980-talet kan vi spore fleire viktige utviklingstrekk og endringar i norsk kunst. Fotografiet som kunstform vart endeleg anerkjend av musea gjennom det nyetablerte Museet for samtidskunst sitt innkjøp av Tom Sandberg sine arbeid i 1989. Året etter vart den første fotoskolen i Noreg etablert ved Statens høgskole for kunsthåndverk og design i Bergen. Her vart det klekt ut ein ny generasjon av fotografar som skulle kome til å prege kunstlivet i Noreg i to tiår framover.

I tradisjonen etter dei tre konseptkunstnarane Marianne Heske, Sissel Tolaas og Bente Stokke, kom det på 1990-talet ein yngre generasjon av kunstnarar som eksperimenterte med installasjonar og video. Eit anna karakteristisk trekk ved 90-tallet var den aukande interessa for teikning som sjølvstendig kunstnarleg uttrykk. Innanfor maleriet var det ei større fokusering på abstraksjon. Performance-kunsten kom for alvor til Noreg på 90-tallet, med bergensaren Kurt Johannesen som ein sentral aktør.

Etter 2000 har ein yngre generasjon kunstnarar markert seg med såkalla appropriasjonskunst, dvs. at dei nyttar allereie publisert materiale, og set det inn i en ny samanheng. Men kunsten etter 2000 har også til en viss grad vore interaktiv og samfunnsinngripande.

Dette er nokre moment frå foredraget, som varer i 90 minutt og er følgt av digitale lysbilete og videokunst.

Forslag til førebuing/litteratur som innføring:

Øystein Ustvedt: Ny norsk kunst etter 1990. Fagbokforlaget, Bergen 2011

Gunnar Danbolt: Frå modernisme til det kontemporære. Tendensar i norsk samtidskunst etter 1990. Oslo 2014.

Visningsstad: Auditorium eller liknande på skulen

Programlengd: 90 minutt

Elevtal: Maks 100

Visningsperiode: Veke 47 og 48; 21. november til 2. desember.

Om foredragshaldaren:

Jan Kokkin er frilans kurator, kunstkritikar og forfattar. Han er mag.art. i kunsthistorie frå Universitetet i Oslo, og har i mange år vore kunstkritikar i Dagens Næringsliv og Morgenbladet, og var dagleg leiar for Kunst på Arbeidsplassen fram til 2009. Kokkin har dessutan gitt ut biografiar om malaren Eilif Peterssen og bilethoggaren Mathias Skeibrok. Han har også skrive bøker om Gerhard Munthe og Erik Werenskiold, og vore medforfattar av *Eros i Gustav Vigelands kunst* og *Rodin og Norge*. Kokkin har også erfaring som kurator for utstillingar av norsk og internasjonal kunst.

Lyden av Aurora

(Fredrik Rysjedal – musikkgruppa 1982)

Kunststartar i samspel

Teikneserie med musikk i eit spennande format!

Omtale:

Lyden av Aurora er ei levande teikneserieframsyning av Fredrik Rysjedal, akkompagnert av musikkgruppa 1982. Framsyninga blir framført med musikk og film. Den syner eit teikneserieformat som opererer mellom film og teikneserie, noko som gir eit eige uttrykk, og det har form av både høgtlesing og framsyning.

Lyden av Aurora er den fyrste teikneserien i ein serie korte historier om Fredrik sin bestefar. Då Fredrik oppdagar at han eigentleg liknar bestefar sin, går det samstundes opp for han kor lite han eigentleg veit om familien si historie.

Forteljinga er basert på intervju med teikneserieskaparen sin eigen familie, og fortel ei etterkrigshistorie om hat og tilgjeving. Me møter Astrid som har ein far som har vore krigsseglar, og vi får eit innblikk i korleis han hadde det under og etter krigen, slik det blir fortalt.

Her blir sett fokus på korleis mange historier forsvinn med neste generasjon i familien, som Fredrik er ein del av. Kva stemmer eigentleg i historiene frå krigen og tida etter; kva er rett og kva er berre mytar? Kva veit vi eigentleg om fortida i vår eigen familie?

Forteljinga som blir framført tar for seg krigen og etterkrigstida, som er eit velkjend tema i norsk historie- og samfunnsundervisning, men her presentert i eit utradisjonelt og tverrestetisk format.

Lyden av Aurora har eit uvant format, som var vanlegare på 17-, og 1800-talet.

Denne framsyninga syner at teikneserie og film kan ha andre uttrykksformer enn vi er vande med i dag, og det kan gje elevar inspirasjon til å nytte alternative format, som dei faktisk kan greie å lage.

Les meir og sjå døme her: <http://www.fredrikrysjedal.no/the-sound-of-the-aurora>

Visningsstad: Auditorium, aula eller anna eigna spelestad på skulen, ev. annan arena i nærleiken.

Programlengd: 45 minutt

Tal på deltakarar: Maks 100 pr. framsyning.

Visningsperiode: Veke 4, 6 og 7; 23. – 27. januar og 6. – 17. februar.

Om utøvarane:

Fredrik Rysjedal – Utdanna illustratør ved designhøgskulen i Bergen, stipendiat i digitale teikneserier.

1982: Øyvind Skarbø – Utdanna trommeslagar frå griegakademiet, har bak seg produksjonar med Lektor Bjerkes orkester og fleire barneproduksjonar. Sigbjørn Apeland – Utdanna kyrkjeorganist, doktor i etnomusikologi. Erfaring frå fleire musikkproduksjonar for Hordaland Fylkeskommune.

Sjølvpportrett – Kven er eg?

Eit samansett bilete i glas.

(S12 Galleri og Verksted)

Visuell kunst.

Speglingar, refleksjonar, gjennomsikt og illusjonar.

Eit spennande verkstadbesøk og møte med glas, glasverkstaden, kunst og ikkje minst – deg sjølv!

Omtale:

På S12 Galleri og Verkstad vil elevane få ei oppleving utanom det vanlege. Dei kjem på besøk til verkstaden i Bergen, der dei får oppleve korleis glas kan vere finurleg, by på mange alternativ og innehalde løyndomar. Elevane er med på å skape og forme eit sjølvpportrett i glas!

I løpet av tre timar møter elevane glas som materiale, både varmt og kaldt. Det blir demonstrasjonar av ulike metodar for å gje glas form, og elevane erfarer korleis glas reagerer på omgjevnadane.

I tillegg til introduksjon til glas sine eigenskapar som materiale, let verkstaden oss bli kjende med ein del av kunsthistoria, korleis kunstnarar gjennom tidene har arbeidd med portrett, og korleis dei har vald å uttrykke seg sjølve andsynes verda kring seg. Eit aktuelt tema i «selfie-samfunnet» i dag, og som ein i denne samanhengen ser på med kunsthistoriske auge.

I dialog med elevane ser ein på proporsjonar og uttrykte kjensler i portrett, før elevane sjølve lagar ei skisse på papir som dei overfører og tolkar ved å setje saman glasbitar på eit glasark. Oppgåva kan bli løyst på ulike vis, fokus er at eit sjølvpportrett ikkje berre kan vere ein kopi av andletet, men seie vel så mykje om kven ein er.

Materialet som blir nytta er flatt glas i ulike former og fargar, små og store bitar. Desse blir sett saman etter elevane sine kreative blikk og til sist smelta saman til eit heilt bilete i glas. Når glasportretta er ferdig brente (etter verkstaddagen) blir dei sende til skulen, klare til utstilling!

Forslag til etterarbeid: Skulen kan lage ei utstilling av portretta lokalt, anten på skulen eller annan eigna stad. Det er utarbeidd ei utstillarhandbok/manual med nyttige forslag til kuratering av utstilling av glasarbeid, som deltakarane får med seg frå verkstaden.

Visningsstad: *Verkstadbesøket:* S12 Galleri og Verkstad, Bergen sentrum.

Utstilling i etterkant: Lokal utstillarstad (bibliotek, kulturhus, galleri e. l.) eller eigna stad på skulen.

Programlengd: 3 timar (10:00 – 13:00).

Elevtal: Maks 20 pr. økt.

Visningsperiode: Tysdagar, onsdagar og torsdagar i perioden 24. januar – 6. april.

Førearbeid: Det er ein føremon om tema sjølvpportrett er diskutert med elevane på førehand. T.d. frå aviser, foto på nett, Facebook, «selfies» osv.

Transport: Hordaland fylkeskommune dekkjer eventuelle reiseutgifter til S12 og frakt av bileta til skulen.

Om S12 Galleri og Verkstad:

S12 er eit kompetansesenter for glas som blei etablert i Bergen i 2007. S12 er senter for utforsking, eksperimentering og formidling av glaskunst i Noreg. Verksemda fokuserer på formidling av glaskunst gjennom utstillingar, kurs og gjestekunstnarordning. Les meir på deira heimeside: www.s12.no

Til månen med bestefar

(David Alræk)

Film

David sin bestefar har alltid inspirert han gjennom sine eventyr, reiser og oppfinningar. Når bestefaren hamnar på sjukeheim med alvorleg demensdiagnose, er David redd for at livet til bestefar snart er omme. Men bestefar Kaare nektar å godta lagnaden sin, og held fram med å drøyme om nye eventyr..

Omtale:

I dokumentarfilmen *Til månen med bestefar* møter vi Kaare, oppfinnar og eventyrar, som bur på sjukeheim med demensdiagnose, og barnebarnet og filmskaparen David. På sjukeheimen snakkar dei om gamle dagar og framtida, om jenter og Hank Williams og om gleda med å cruise kring i ein strøken DKW.

Kaare har sjølve filma mykje av livet sitt heilt frå 50-talet, og filmen kombinerer 8-mm opptak frå fortida med bilete frå notida på eit spennande og kreativt vis for å fortelje ei historie som strekk seg over seksti år og tre generasjonar.

Filmen speglar menneskja sine ynskje om å setje spor etter seg, og stiller nokre enkle, men eksistensielle spørsmål om kva eit liv er. Det er ei varm, morosam, underfundig og poetisk skildring av eit levd liv, som opnar opp for refleksjonar om korleis ein vil leve sitt liv.

Filmen er ei lett tilnærming til noko særst mange kjenner til eller fryktar; alvorleg sjukdom hjå dei næraste. Men på ein usentimental måte tar filmen opp korleis pårørande kan halda seg til dette. Filmen handlar òg om val vi menneskje gjer i livet – dei små tinga som gjer at vi blir den vi er.

Etter visinga fortel David meir om utgangspunktet for å lage filmen. Kva var det som fekk han til å starte opptaka for 10 år sidan?

Han fortel òg om den personlege dokumentarfilmen som sjanger, med ynskje om å inspirere til å fortelje historier frå sine liv på sjølvvald vis.

Filmen blei ferdig våren 2016, og i denne turneen vil ungdomar frå Hordaland vere blant dei fyrste til å oppleve både filmen og filmskaparen.

Visningstad: Filmrom, auditorium eller anna rom på skulen med blanding og best mogleg lyd.

Programlengd: 90 minutt.

Tal på deltakarar: Frå små grupper til heile skulen, avhengig av lokale og tilhøva for filmvising.

Turnéperiode: Frå veke 37 og 38; 12. – 23. september.

Om David Alræk:

David Alræk er dokumentarfilmregissør busett i Bergen. Han er utdanna frå Høyskolen i Lillehammer med bachelor i dokumentarfilmregi (2008).

Etter endt utdanning har han jobba i tv-/filmbransjen med ulike prosjekt i roller både som regissør, fotograf, klippar og produsent. Han har også undervisningserfaring frå undervisning og hatt eit tital filmkurs for ungdom.

Trynet ditt

(Stiftelsen 3,14 – Adriana Alves og Eva Ljosvoll)
Visuell kunst

Samtidskunst og fotoverkstad på skulen.

Omtale:

Kven er vi? Kva er det som kjenneteiknar oss? Korleis ser vi på andre? Kven er dei andre? Vi lever i eit mangfaldig samfunn av sosiale, økonomiske og kulturelle bakgrunnar, ulike interesser, evner osv. Med dette som utgangspunkt, i tillegg til dagens moglegheiter til å iscenesette oss sjølve i sosiale medier, blir spørsmål om identitet kanskje enno meir aktuelle. Identitet er det som sameiner oss med andre og samstundes det som skil oss frå andre, både frå andre grupper og frå andre menneskje, det som gjer oss unike.

Dei fleste av oss byrjar å prøve å definere kven vi er og skape oss ein liten plass i verda allereie i ganske tidleg alder. Det er slett ikkje uvanleg å vere opptatt av å passe inn, vere som dei andre, ha dei same leikene eller sparke fotball som dei fleste. Og sånn blir dei som er mest like det rådande idealet, dei mest vellukka. Men ikkje alle av oss kan passe like godt inn, for nokre har store tenner, andre klarer ikkje å skilje høgre og venstre, nokre er brune, nokre jenter liker andre jenter, nokre familiar har dårleg råd, andre trur på fleire gudar, eller ingen gud, eller ein annan gud. Korleis kan vi gi rom til dei som er annleis enn oss sjølve? Korleis kan vi innsjå at verda hadde vore ganske keisam dersom alt var likt, alle husa var kvite, alle bilane var svarte, all musikk var popmusikk?

Trynet ditt er eit forsøk på å utvide horisonten, og kanskje auke toleransen for det som er annleis. Prosjektet handlar om å høyre til, så vel som å stå utafor. Ulike kunstnarlege strategiar som set i gang tankeprosessar om identitetsbygging, maktstrukturar, nasjonalisme, kjønn m.v. vert presentert. Elevane får ein unik sjanse til å sjå eit utval kunstverk, hovudsakleg frå Stiftelsen 3,14 sitt arkiv, spesielt sett saman for dette tilbodet. Arbeida er laga av anerkjende internasjonale kunstnarar, og fleire har tidlegare vore vist på Venezia-biennalen, Guggenheim-museet og på Stiftelsen 3,14.

Skular som ønskjer det, kan i tillegg få ein verkstad. I denne jobbar elevane med fotografi og iscenesetting gjennom leik og skodespel.

Visningsstad: 2 klasserom på skulen

Tal på deltakarar: 30

Programlengd: Utan verkstad: 1 skuletime. Med verkstad: 3 skuletimer (visning og formidling i 1 time, verkstad i 2 timer)

Visningsperiode: Medio mars 2017, veker ikkje fastsett.

Om Stiftelsen 3,14

I nordisk samanheng er Stiftelsen 3,14 banebrytande i sitt målretta arbeid med internasjonal samtidskunst som overskrider den euroamerikanske kunstscenen. I 25 år har dei tilbydd møte med verdsomspennande kunst, der det globale skapar dynamikk i den lokale identiteten. Utstillingane stimulerer til dialog og refleksjon kring aktuelle og komplekse aspekt ved dagens internasjonale samfunn. Ved å utforske og presentere samtida satsar 3,14 på å kunne sjå moglege retningar for framtida.

Om kunstnarane:

Adriana Alves er utdanna ved Kunsthøgskolen i Bergen, og er aktiv som biletkunstnar så vel som produsent og kunstformidlar. Ho er ansvarleg for 3,14 sitt formidlingsprogram, har halde forskjellige kurs for ungdom gjennom kulturkontorene i Bergen, og produsert utstillingar og festivalar i Hordaland. Ho fått ein rekkje stipend og priser, og er innkjøpt mellom anna av Norsk kulturråd. Ho har tildegare turnert skular med andre prosjekt.

Eva Ljosvoll har bachelor i fotografi og master i kunst frå Kunsthøgskolen i Bergen, samt delfag i fotografiet sin historie og estetikk frå Universitetet i Bergen. Ho har deltatt på ei rekkje utstillingar, motteke stipend, og er innkjøpt av mellom anna KODE. Ljosvoll har tidlegare turnert skular med eit anna prosjekt.

Utesiglaren

(Helge Jordal m. fl)

Scenekunst

Eit fyrverkeri av kunnskapsformidling, med ei innleving frå alle på scena som fort smittar over på publikum!

Omtale:

Kjelda til framsyninga *Utesiglaren* er frå Edvard Pettersen si tidlegare vekefaste spalte i Bergensavisen – «Skutesiden». Her fortalte han historier han fekk frå sjømenn på norske skip frå etterkrigstida og fram til slutten av 1970- talet. Mange av historiene frå «Skutesida» blei utgjevne i bokform. Pettersen sin idé om å lage teater/kabaret på sjømannshistoriene blei sett ut i livet då Erling Gjelsvik skreiv sceneversjonen av desse historiene.

Heile stykket byggjer på sanne historier. Tapt kjærleik, nye hamner, nye kneiper, nye lukter, eksotiske reisemål, eksotisk musikk, havet og heimlengt. Ein sentral del av dramatiseringa blei musikk frå alle kantar av verda i dette tidsrommet, og dermed ble det ein kabaret.

Handlinga i *Utesiglaren* er henta frå ein tidsepoke som ligg nær vår tid. Det var seint på 70-talet det blei slutt på at unge menn kunne melde seg på hyrekontoret. Men før den tid var det mange gutar som droppa skulen og drog ut i verda på norske båtar. Dei blei sjømenn, var stolte av jobben, gjorde jobben med ære og blei verdsette for arbeidet. Sjøen blei deira arbeidsplass og hamnebyane deira fritidsstadar. Sterke venskapsband blei knytte, venskap som heldt livet ut.

I *utesiglaren* er det Malvin som reiser ut som 15. åring. Han får tilnamnet «Bøhmeren», etter gata han vaks opp i. Bøhmeren si historie er ei sann historie. Stadane han besøker, båtane han har hyre på, musikken han høyrer, fridomen han kjenner og heimlengta. Heimlengt, ja. Han må heim ein tur, og då skjer det. Forboden kjærleik. Kjærleik til ei gift kvinne. Og ikkje berre gift, men gift med broren! Han reiste ut igjen, og brorparten av tida var han ute på sjøen kor det var god tid til å tenkje - filosofere over verdsproblem, men aller mest, korleis står det til heime?

Og Malvin reiser heim til slutt. Det var denne kvinna. Han kunne ikkje få ho ut av tankane. Det fekk bere eller breste. Om det blei ein lykkeleg slutt? Det veit de når de har sett framsyninga...

Framsyninga er morosam og underholdande, men òg med eit alvor som set lys på lagnadar og død.

Spelestadar: Lokale kulturhus.

Programlengd: 2 timar inkl. pause (atterhald; kan bli kortare utan pause).

Tal på deltakarar: Full sal på spelestaden.

Visningsperiode: Veke 39 og 40; 26. sept – 7. oktober.

Transport: Hordaland fylkeskommune dekkjer ev. reiseutgifter når det er trong for transport til spelestaden.

Medverkande:

Helge Jordal – Bøhmeren, Torleifen
Tine Taule – Fristerinne, Deirdre, Maila
Kai Taule – Båsen, Kaptein, Ole Jan
Gunnar Bjelland – Musikalsk leiar, tangentar
Mads Berven – Gitarar
Kai Taule – Bass
Ove Marøy – Trommer

Bakmenn:

Edvard Pettersen – Idé og tekstar
Erling Gjelsvik – Manus.
Knut Skodvin – Musikkutval, regi
Dag Ove Sunde – Scene/inspisent
Maria Hjelmeland – Scenografi/rekvisittar
Sara M. Santos – Scenografi/rekvisittar
Bright Norway – Lyd – og lysproduksjon
Ove Marøy – produksjonsleiar

Å lage musikk kan du òg gjere!

(Ingerlise Størksen)

Musikk

Eit musikalsk møte med artisten Ingerlise Størksen, og dialog om både det å nyte og lage musikk.

Omtale:

Musikken kan gje trøst, glede, forståing - og han kan vere berre til å nyte. Dette er noko alle kan kjenne seg att i, og noko som kan vere viktigare for oss enn vi av og til legg merke til.

Dei aller fleste barn og ungdom har eit stort tilbod om og tilhøve til musikk. Er dei bevisste korleis dei kan lytte og bruke musikk i kvardagen? Korleis dei kan finne trøst og forståing for situasjonar dei kan føle seg aleine om, og at dette er metodar dei kan bruke i sine liv?

Størksen er kjent for si gode formidlingsevne og for sin vakre måte å skrive tekstar om dei små, men også større, ting i livet. Ho er lidenskapeleg, og ho skriv tekstar mange av oss kjenner oss godt igjen i. Og ho har evne til å setje ord på tankar og kjensler, som av og til kan vere vanskeleg å uttrykke.

Størksen vil prate litt om og spele døme på musikk som var viktig for henne i barne- og ungdomstida, men mest vil ho framføre musikk frå sitt siste album, samt låtar ho har skrive for og med gruppa Ephemera.

Sentrale tema er kjærleik, kjærleikssorg, venskap, relasjonar og korleis ein kan skrive tekstar om situasjonen ein er i - og korleis det kan hjelpe. Ho syner enkle og forståelege døme på metaforbruk og fortel litt om korleis ho lærte seg å skrive tekstar og musikk. Det er ikkje slik at alle artistar og låtskrivarar er fødte klare til å skrive. Dette er prosess. Dette må ein jobbe med, og dette kan ein lære!

Størksen fortel små og morosame historier frå barndom og ungdomstid - om heltar og lengt etter å synge, spele og lage musikk. Og korleis ho oppdaga at også ho kunne lage musikk og ta ein plass i den musikalske verda.

Det handlar om å vite at det er mogleg - i alle fall ikkje umogleg!

Spelestadar: Musikkrom, aula, gymsal eller anna spelestad på skulen.

Programlengd: 60 minutt

Tal på deltakarar: Maks 100

Konsertperiode: Veke 11 og 12; 13. – 17. mars.

Om utøvaren:

Ingerlise Størksen er ein velkjend låtskrivar og artist frå Bergen. Mest kjend frå bandet Ephemera, men òg som soloartist med namnet *Størksen*.

Ho starta som låtskrivar/artist som 14 – åring, og har etter kvart laga masse musikk og kome med seks album. Ho har turnert i store delar av verda, gjennomført Rikskonsertturné med Ephemera og har i tillegg erfaring som journalist og tekstforfattar/prosjektleiar i Bergens Tidende i åtte år.

Les meir om Størksen på hennar heimeside: <http://www.ingerlisestorksen.com/>

Å utforske verda med ord

(Sunniva Relling Berg)

Litteratur

Eit blikk inn i ein forfattar si litterære verd og hennar arbeid.

Omtale:

Sunniva Relling Berg debuterte med ungdomsromanen *Utfør* som m.a. blei nominert til Brageprisen, og i 2013 kom hennar andre bok; *Beina i gitaren*.

Forfattere vitjar skulen og fortel levande om ein forfattar sin kvardag. Det er både skrivelyst og skrivetips som står i sentrum når ho fortel om og les frå bøkene sine. Ho skildrar ulike sider med skriveprosessen fram til ei ferdig bok, vi får høyre korleis ein kan velje ut og byggje opp eit persongalleri og stadar der handlinga i boka skal/kan gå føre seg.

I tillegg til persongalleri og stader står tilhøvet mellom inspirasjon og tekstjobbing i forfattaryrket og sentralt i foredraget.

Vi får presentert tankekart, notisbøker og elles på ein spennande og naturleg måte korleis ho arbeider når ho skriv. Arbeidet som forfattar blir skildra levande og lettfatteleg, men likevel poengtert .

Dialog med og spørsmål frå elevane er ein naturleg del av presentasjonen, og her får vi formidla at skrivning faktisk kan vere for kven som helst – dersom du brukar tid og arbeider med teksten.

Det er lov å drøyme om å bli forfattar – og det kan òg vere høgst oppnåeleg!

Visingstad: Klasserom, bibliotek, auditorium eller anna på skulen, med tilgjenge til internett.

Programlengd: 45 minutt.

Tal på deltakarar: Frå enkel klasse inntil 200, opplegget blir tilpassa storleik på gruppa.

Turnéperiode: Veke 46, 47, 48; 14. november – 2. desember.

Om forfattere:

Sunniva Relling Berg er utdanna frå Skrivekunstakademiet. I tillegg til å vere forfattar, er ho skulebibliotekar på deltid og har sidan debuten i 2011 mange skulebesøk bak seg, der skrive- og leselede er med.